



Solcelle- eller solfangaranlegg

Ynskjer du å sette opp solcellepanel eller eit solfangaranlegg, kan det henda det er søknadspliktig.

Er tiltaket søknadspliktig?

Det som avgjer om tiltaket er søknadspliktig er om fasaden sin karakter vert endra vesentleg. Om fasaden sin karakter blir vurdert til vesentleg endring, vil kunne vere avhengig av bygningen sin kulturminneverdi og arkitektur, men også strøket sin karakter.

Tiltak er **alltid** søknadspliktig dersom:

- Bygget har avklart kulturminneverdi. Dette omfattar bygg som har formell vernestatus, anten gjennom vedtak om freding eller at det er regulert til bevaring.
- Solenergisystemet går over fleire brannceller.
- Tiltaket vil koma i konflikt med bestemmelsar eller intensjon i reguleringsplanen. Har planen særskilte krav til estetikk eller materialar? Reguleringsplan for din eigedom finn du på [kommunekart](#) om eigedomen er omfatta av reguleringsplan.

Også i andre tilfelle enn dei vi har nemnt over, kan medføre søknadsplikt. I nokre tilfelle er det nødvendig at vi utøver eit faglag skjønn for å avgjera om tiltaket vil endra fasaden sin karakter. I følgjande tilfelle må vi konkret vurdere om solenergisystemet utløyser søknadsplikt:

- Bygget har kulturminneverdi som ikkje er formelt avklart. Bygget som det skal etablerast solenergisystem på, er ført opp i SEFRAK-registeret eller er eit bygg som openbert har høg kulturminneverdi.
- Området har einsarta karakter, det vil seie grupper av hus som er utforma med eit einsarta arkitektonisk uttrykk.
- Solenergisystemet vert montert frittstående på taket eller fasaden, det vil seie ikkje plant med fasaden eller takflata.

Dersom tiltaket er søknadspliktig – kva avgjer om du får løyve eller ikkje?

Dersom montering av solenergisystemet er søknadspliktig, vil vi i vurderinga av om vi kan gje løyve eller ikkje, sjå særleg på følgjande forhold:

Plassering og utstrekning

Plasseringa og utforminga av solenergisystem må vere ordna og ta omsyn til bygningens form. Dersom bygningen eksempelvis har ei symmetrisk form, må plasseringa tilpassast denne symmetrien. Vidare må plasseringa ta omsyn til bygningens element. Solenergisystemet bør ligge plant på taket eller fasaden.

Materialar- og fargekontraster

Dersom material- og fargekontrasten mellom solenergisystemet og taket/fasaden er liten, vil etableringa i mindre grad endre bygningens karakter. Der kontrasten er stor, bør solenergisystemet innordna seg bygningens øvrige form og element.

Eksponeering

Kommunen stiller strengare krav til plassering og farge der tiltaket vert plassert ut mot offentlege rom eller er godt synleg i landskapet. Ta derfor omsyn til dette når du vel kor solenergisystemet skal plasserast.

Samla utforming

Søknad om oppføring av solcelleanlegg i område med samla utforming eller struktur av bebyggelse, må leggja vekt på at plasseringa av solenergisystemet også kan gjennomførast for området som heilheit. Tiltaket må vise ei løysing som kan nyttast av fleire bustader, for å unngå visuell uryddigheit som vil verke negativt for området sin samla karakter. Søknaden må vise at dette er en mogleg og ynskjeleg utvikling for det samla området. Plan- og byggesaksavdelinga kan i førehandskonferanse eller annan dialog med sameige og burettslag be om uttale frå sameigarmøte/generalforsamling. Intensjonen er i så fall å sikra at det ligg føre einigheit om fasadane si framtidige utvikling. Samtidig vil tiltakshavar/søkar oppnå ein større bevisstheit om kva som er ein god plassering av tiltaket.

Høg arkitektonisk verdi

Der bygg har høg arkitektonisk eigenverdi, vil omsyna vi nemner over kunne praktiserast strengare enn i andre tilfelle.

Unntak frå krav til ansvarlege føretak

Dersom vi konkluderer med at tiltaket er søknadspliktig, kan kommunen i ei rekke tilfelle gje unntak frå krava om ansvarlege føretak for prosjektering og utføring.

Når det gjeld prosjektering, kan ansvar av fagområdet arkitektur i stor grad verte unnateke. Kommunen kan likevel vurdere dette annleis dersom tiltaket er omsøkt på bygg med særleg høg arkitektonisk eigenverdi eller høg verneverdi.

Vi kan krevje ansvarleg føretak for utføring, der oppføringa kan skapa risiko for skade på bygg med høg kultur- og eller arkitektonisk verdi eller fare for nedfall på offentlege areal som gater, fortau og felles inngangar.

Korleis søke?

Der det er krav til ansvarlege føretak, må søknaden fremjast av eit føretak og i mange tilfelle av den som skal montere anlegget.

Er det ikkje krav til ansvarlege føretak, hentar du skjema under «[Tiltak utan ansvarsrett](#)».

Tilskotsordningar

Dersom du ynskjer å etablere eit solenergisystem på bustaden din, kan du søke tilskot til kjøp og montering frå [Enova](#).

Sogndal desember 2022